

Sak 45-22 Betalingsatsar ved levering til miljøstasjonane 2023

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek slike leveringsvilkår for 2023 for avfall som vert levert av private til miljøstasjonane. Alle prisane er inkl. mva.

1. Følgande fraksjonar kan leverast gratis til miljøstasjonen i Hovden:
 - a. Papir og papp
 - b. Metall
 - c. Hageavfall (*føresett reint og utan framande artar*)
 - d. Farleg avfall
 - e. Elektrisk avfall
 - f. Tekstilar
 - g. Impregnert trevirke (kresot eller CCA / CA)
 - h. Asbest
 - i. Dekk utan felg

2. For miljøstasjonen i Hovden gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

MILJØSTASJON HOVDEN	Eining	Pris 2022 kr	Pris 2023, kr
Minstepris - restavfall og trevirke (0-20 kg)	stk	50,-	100,-
Brennbart restavfall	kg	2,50	2,70
Ikkje-brennbart restavfall (keramikk, porselen, glas)	kg	2,50	2,70
Isolasjon og gips	Kg	2,50	2,70
Dekk med felg	Kg	2,50	2,70
Hardplast	Kg	2,50	2,70
Ureint hageavfall / framande artar	Kg	1,88	2,70
Trevirke	kg	1,80	2,-
Mat-/våtorganisk avfall	kg	2,50	0
Papir	Kg	0,88	0
Papir til makulering	kg	6,50	6,50
Isopor	M3	50,-	50,-
Leige av hengar for transport av avfall	Pr gang	200,-	220,-
Merka sekkar for restavfall	Stk	100,-	100,-

3. For miljøstasjonen på Grodås gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

MILJØSTASJON GRODÅS	Eining	Pris 2022, kr	Pris 2023, kr
Personbil inntil 1m3:	Kr	125,00	125,-
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr	187,50	200,-
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr	375,00	400,-
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr	625,00	650,-

Levering av volum over 6 m3: berre etter avtale.

4. Generelle vilkår:

- Private kan levere farleg avfall inntil 1000 kg pr år og PCB-haldige isolerglas, inntil 500 kg pr. år innanfor gebyret.
- For fleire av fraksjonane gjeld krav til kvalitet og dimensjonar, samt krav til emballering. Informasjon om dette vert gjort tilgjengeleg på heimesida til VØR saman med øvrige leveringsvilkår.

Saksutgreiing:

Styret fastset i denne saka vilkåra for avfall som vert levert ved miljøstasjonane i Hovden og på Grodås. VØR sine prisar gjeld dei private som leverer til anlegga. Næringsaktørar kan også levere til Hovden, og dei betaler til RSS for det dei leverer etter prisar som RSS fastset.

Dei gjeldande satsane og vilkåra finn ein i sin heilskap på heimesida til VØR:

<https://www.vor.no/gebyrliste-miljoestasjonen.6221871-470176.html>

I samband med utarbeidinga av denne saka, vart det oppdaga at dei vedtekne satsane til VØR for 2021 og 2022 ikkje har vore innarbeidde fullt ut, korkje på heimesida eller i betalingssystemet. Det har t.d. vore nytta ein minstesats for betaling på Grodås på kr. 50,-, medan den vedtekne satsen er på kr 125,-. Dette vil bli fulgt opp no.

Føreslegne endringar:

- Det er lagt til grunn ei generell endring i satsane på 4%, noko som er i samsvar med endringa av abonnementsgebyra. Nokre satsar er justerte annleis for å få runde, heile tal.
- Satsane for restavfall er auka 8% på grunn av den store auken i forbrenningsskatt (CO2-avgift) som vert gjort frå årsskiftet.
- Det er forsøkt gjort ei opprydding i dei mange kategoriane av fraksjonar og satsar, mellom anna ved at fleire fraksjonar får lik sats. Nokre fraksjonar ynskjer ein å stimulere til utsortering av, og her kan det vere aktuelt å gjere endringar i framtida m.a. for å oppnå høgare materialgjenvinning. Det kan vere aktuelt å gjere ytterlegare forenklingar i framtida, men dette må sjåast opp mot dei faste driftskostnadane som VØR har med drift av miljøstasjonane.

- Minstesatsen i Hovden vert endra frå 50,- til 100,-. Bakgrunnen for dette er faste kostnader knytt til handtering, mannskap og kapasitet. Vi erfarer at små volum også bind opp kapasitet, noko som er ei utfordring særleg i høgsesong.
- Minstesatsen på Grodås vert føreslått uendra, men her vert praksis korrigert, slik at betalingssatsane vert i samsvar med vedtak.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar